

PROSJEKTPLAN

For ny organisering av oppvekstsektoren i Giske kommune



Giske kommune

Innhald

- 1 **BAKGRUNN**
 - 1.1 Grunnlag for prosjektet
 - 1.2 prosjektmandat
 - 1.3 organisering oppvekst per august 2019
 - 1.4 problemstilling
- 2 **MÅLSETTING**
 - 2.1 prosjektmål
 - 2.2 resultatmål
 - 2.3 effektmål
- 3 **LEVERANSER**
 - 3.1 mandat
 - 3.2 prosess
 - 3.3 resultat
- 4 **SUKSESSKRITERIER**
 - 4.1 Eigarforhold
 - 4.2 Involvering
- 5 **BERØRTE PARTAR**
 - 5.1 Brukarar
 - Barn og føresette
 - 5.2 Tilsette
 - 5.2.1 Tilsette i einingar i oppvekst
 - 5.2.2 Tilsette i einingar omfatta av ny plan
Og ny organisering
- 6 **ARBEIDSMETODIKK**
 - 6.1 Prosjekttype
 - 6.2 Metode
 - 6.2.1 Innsamling av data
 - 6.2.2 Arbeidsgruppemøte
 - 6.2.3 Woorkshop
 - 6.2.4 Høyring
 - 6.3 Arbeidsformer
 - 6.4 Kommunikasjonskanaler og rutiner
- 7 **HANDLINGSPLAN**
- 8 **TEAM**
 - 8.1 Prosjektgruppe
 - 8.2 Komité for livsløp/kommunestyre
- 9 **BUDSJETT**
 - Budsjett for prosjektet omhandlar i første omgang frikjøp av prosjektleiar
- 10 **ANALYSE**
 - 10.1 styrker
 - 10.2 svakheiter

10.3 moglegheit

10.4 Risiko

11 EVALUERING

11.1 Evaluering av prosess –i prosjektgruppa primo juni 2020?

1 BAKGRUNN

1.1 Grunnlag for prosjektet

Kommunestyret vedtok ved behandling av budsjett 2018 og økonomiplan 2019 at ny plan for organiseringa av tenestene skal behandlast politisk. Arbeid med omorganisering av helse og omsorg vart oppstarta i januar 2017, og saka vart handsama i kommunestyret 14.06.2018, sak K-026/18.

Saka om ny plan for organiseringa av oppvekstområdet skulle ha vore oppe til politisk behandling i 2019. På grunn av den aktuelle situasjonen med endringar i toppleiinga og med vakanse i staben, har dette ikkje vore mogleg.

For å få framdrift i saka, vil rådmannen auke saksbehandlingskapasiteten noko. Rektor ved Vigra skule, Åse Elisabeth Skjærseth, vert frigjort frå si rektorstilling i 20 % i ein periode for å arbeide med denne saka. Arbeidet kan organiserast som eit prosjekt, slik omorganiseringa av helse og omsorg vart organisert i 2018. I den saka vart nedsett ei prosjektgruppe samansett av kommunalsjef, tilsette utvalgt av rådmannen, to tillitsvalde og to politikarar frå komité for helse og omsorg.

I prosjektgruppa for «Ny organisering av oppvekst i Giske kommune» skal tilsette frå stab, skule og barnehage oppnemnast av rådmannen. Tillitsvalde frå Utdanningsforbundet og frå Fagforbundet er enige om at hovudtillitsvald i Utdanningsforbundet kan representere begge organisasjonane i arbeidsgruppa. To politiske representantar frå Livsløpsutvalet er med i arbeidsgruppa, leiar og nestleiar. Foreldrerepresentant vart oppnemnd i kommunestyre 12.12.19

1.2 mandat

Prosjektmandat:

Prosjektnamn	<i>Ny organisering for oppvekstområdet i Giske kommune</i>
Prosjekteigar -oppdragsgivar	Giske kommune – Giske kommune
Prosjektleder	Åse Elisabeth Skjærseth
Bakgrunn for prosjektet	Kommunestyrevedtak K-062/17 (økonomiplan 2018-2020) og K-026/18.
Formålet med prosjektet	Ny plan for struktur og organisering av oppvekstområdet frå barnet til den kommunale leiinga
Mål med prosjektet -leveranse	Med utgangspunkt i barnet sitt beste å kunne levere effektive, fleksible og gode tenester i tråd med styringssignala, med vekt på tidleg innsats. Tenestene skal ha betre kvalitet og gje økonomisk gevinst gjennom god og effektiv ressursforvaltning.
Sentrale interesser –deira høve til prosjektet	Eventuelle endringar i barnehage/skule-struktur, nærskule/nærmiljø vil særleg berøre barn, elevar, tilsette, føresette Eventuelle endringar i leiarstruktur –endringar i rolle/oppgåver for tilsette – stab/einingsleiarar/rektorar/styrarar/avdelingsleiarar
Strategiar for kommunikasjon i prosjektet (spesielle interessenter)	Barnet sitt beste i fokus, open prosess, brei involvering, Semistruktur –sterk/svak styring (formålet ligg fast –evt endring av leveranse)
Ferdigdato	Framlegg i Giske kommunestyre delplan om struktur 26.03.2020. Framlegg for Giske kommunestyre 28.05.20 delplanar om organisering og leiing
Budsjettramme for prosjektet	Frikjøp prosjektleder/arbeidsgruppe og innleige av Agenda Kaupang
Gjennomføring av prosjektet	Bygger på vedtaka i kommunestyre

1.3 Organisering oppvekst per august 2019

Oppvekstsektoren er organisert i seks einingar. Kommunalsjef er næraste leiar.

☒ Vigra barnehage – 61 barn

☒ Vigra skule, 1.-7. klasse – 205 elevar

☒ Valderøy barneskule, 1.-7, klasse – 433 elevar

☒ Giske oppvekstsenter: skule 1.-7. klasse – 82 elevar, barnehage - 65 barn

☒ Godøy skule: 1.-4. klasse på Alnes – 66 elevar, 5.-7. klasse på Godøy, Godøy skule u-trinn – 74 – 124 elevar, totalt 190 elevar.

☒ Valderøy ungdomsskule: 264 elevar

Einingsleiar for Vigra barnehage er også styrar i barnehagen.

Alle einingsleiarane i skule er også rektor ved skulen. Ved Giske oppvekstsenter er konstituert rektor einingsleiar for skule gjennom skuleåret 2019/2020

Giske barnehage har eigen konstituert styrar.

Alle skulane har avdelingsleiarar i ulike stillingsstorleik:

☒ Vigra skule: To avdelingsleiarar med 50 % administrasjon kvar (rektor 80%)

☒ Valderøy barneskule: Tre avdelingsleiarar med 50 % administrasjon kvar, + 50% stilling til å leie spesialundervininga

☒ Giske oppvekstsenter: Ein avdelingsleiar med 30 % administrasjon (Vakant i skuleåret 2019/2020)

☒ Godøy skule: To avdelingsleiarar med 40 % administrasjon kvar

☒ Valderøy ungdomsskule: Tre avdelingsleiarar med til saman 60 % administrasjon

Merkantilt personale:

Valderøy skule 80%

Vigra skule 30%

Godøy skule 80%

Valderøy u-skule 50%

Giske skule 30%

Kulturskolen 360 elevar –rektor er ikkje einingsleiar

Spesialpedagogisk team i barnehage

Spesialpedagogane i barnehage er organisert under kommunalsjef oppvekst med eigen teamleiar. Pedagogane arbeider inn mot både private og kommunale barnehagar. Vi har i dag spesialpedagogar i 5,7 årsverk. Det er problematisert at desse medarbeidarane ikkje tilhøyrer ei eining/har einingsleiar.

Stab kommunalsjef oppvekst

Kommunalsjef for oppvekst konstituert ut 2020, 1 årsverk saksbehandlar/pedagogisk konsulent skule (for tida vakant), 1 årsverk saksbehandlar/pedagogisk konsulent barnehage (arbeider hausten 2019 med ny organisering stab 20+%), 1 årsverk pedagogisk fagrettleiar (0,3 årsverk av denne stillinga er i dag knytt til prosjektet BTI).

Vaksenopplæring

Vaksenopplæring omfattar norsk og samfunnskunnskap for innvandrarar og grunnskule for vaksne. Tenesta ligg i dag under kommunalsjef for helse og omsorg, saman med flyktingtenesta, men sidan det dreiar seg om opplæring, er deler av arbeidet også lagt til kommunalsjef for oppvekst.

1.3 Problemstilling

*Kva kjenneteiknar ein ny organisering i oppvekst når den er organisert for eit samspel som gjer **oss** betre saman?*

Saksutgreiinga skal lyssetje ei organisering frå barnet som veks opp i Giske til kommunal leiing.

1 MÅLSETTING

2.2 Prosjektmål

Gjennom prosessar i arbeidsgruppa, samansett av brukarrepresentantar, politisk utval og fagleg utval, skal vi legge fram innstilling for ei ny organisering av oppvekst i Giske kommune.

Kvalitetsplan for oppvekst, «Samspel for livsmeistring no og for framtida 2018-2021» ligg til grunn for utgreiinga, det same gjer ressursmessige og økonomiske hensyn, gitt kommunen sin økonomiske situasjon.

Ny organisering skal realisere eit samspel i oppvekst som gjer oss betre saman.

Saksutgreiinga skal lyssetje ei organisering frå barnet som veks opp i Giske til kommunal leiing.

2.3 Resultatmål

Ein ny plan for organisering av oppvekst – arbeidsgruppa har ikkje mandat til å gjennomføre endringar, setje tidsfristar eller til å frede strukturar i arbeidsperioden. Vedtak i kommunestyre 28.11.19 om at planen skal resultere i ei innsparing på 1,5 mill i 2020 og 3 mill for 2021 og vidare i økonomiplanperioden. Dette gjer at prosjektplanen vert endra slik;

26.03.2020 vert ein delplan om einingsstruktur for skule og barnehage handsama i kommunestyre.

06.05.2020 vert delplanar om leiing og organisering av oppvekstsektoren handsama i kommunestyre.

Prosjektet tilpassar seg den endra bestillinga gjennom å prioritere ein delplan om einingsstruktur først, og så seinare sjå på leiing og organisering.

Effekt mål

Endringar skal ha fokus på barns beste. Eit forventa endringsresultat vil vere

effektive, fleksible og gode tenester av betre kvalitet ved hjelp av god og effektiv ressursforvaltning.

Sentrale spørsmål;

Likt kommunalt tilbod for barna som veks opp i Giske kommune, uavhengig av kvar dei bur heller enn at tilbodet vil vere ulikt ?

Bør også mest mogleg kompetent fagmiljø vere eit effekt mål?

-Kva forstår vi med eit fagmiljø til barnets beste?

-fagmiljø, kva handlar det om? (lokasjon, tverrfagleg, tal, rekruttering)

Fokus på barnet sitt oppvekstmiljø og for profesjonsfagleg utvikling for personalet?

3 LEVERANSER

3.1 Mandatet

Heimelsgrunnlaget K-062/17 – Økonomiplan 2018-2020 med forpliktande plan 2018-2019 «Medio 2019 skal ny organisering av oppveksttenestene vere politisk behandla.» (Vedlegg 2: «Budsjett 2018, Økonomiplan 2019-2021, Forpliktande plan 2018-2019 - Formannskapet sitt høyringsutkast, tekstleg del, etter møtet 13.11.17» side 32)

«Arbeidsgruppa bør sjå på heile organiseringa av tenestene på oppvekstområdet, inklusive kva tenester som skal vere organiserte under oppvekst. Ein må sjå på både skulestruktur, leiarstruktur og einingsstruktur td. Oppvekstsenter og liknande.

I utgangspunktet gjeld saksutgreiinga struktur og organisering i oppvekstområdet, frå barnet til den kommunale leiinga.

Med utgangspunkt i barnet som veks opp i Giske kommune, vil ei saksutgreiing kunne omfatte også tenester som i dag ligg under helse og omsorg; helsestasjon, barnevern, tildelingskontor, psykisk helseteam m.m.

Målet med saksutgreiing og eventuell omorganisering av struktur og organsiering i oppvekst vil vere å kunne levere effektive, fleksible og gode tenester i tråd med styringssignala og med fokus på tidleg innsats og på barnets beste.

Ny organisering skal gi kvalitativt betre tenester, økonomisk gevinstar, god og effektiv ressursforvaltning.»

3.2 Prosess

Brei representasjon, opne prosessar, involvering av berørte partar.

Leiarar i barnehage og skule; dialogkafè 24.09.19, BUKS, dialogkafe` 07.11.19, arbeidsgruppa etablert 29.10.19, dialogkafe`26.11.19 og 11.12.19. Dialogkafe`alle tilsette oppvekst 09.12.19. Denne dialogkafe`en vert todelt slik at alle kan ta del.

3.3 Resultat

Eit framlegg om ny organisering for oppvekstsektoren i Giske kommune, for kommunestyre 26.03.10/06.05.20

4 SUKSESSKRITERIER

4.1 Ei tydeleg mandatavklaring;

Mandatet omfattar å planlegge for desse områda:

A) Kven skal vere med i oppvekstsektoren?

I td Sula kommune er helsestasjon/PPT og barnevern organisert i oppvekstsektoren. Spesialpedagogisk team barnehage – skal dei ha tilhøyr i stab –eller under ein einingsleiar barnehage?

B) Einingsstruktur; kor mange? Korleis organisere? Skal bygningsmasse vere med i ei slik utgreiing? (Her er den økonomiske situasjonen ei utfordring med tanke på opne prosessar med stor grad av medverknad/involvering)

C) Leiing –korleis kan leiing frå barnet til kommunedirektør sjå ut? Korleis ser den leiinga ut som barnet kan nytte til å leie seg sjølv?

4.2 Eigarforhold

I prosjektgruppa er eigar representert ved leiar/nestleiar i Livsløpsutvalet

Administrativ/fagleg arbeidsgivar er representert for skule ved prosjektleiar, konstituert kommunalsjef er også tett på i arbeidet.

Fagleg medverknad; pedagogisk rettleiarar skule/ barnehage, konstituert styrar Giske barnehage, samt konstituert rektor Godøy skule, leiar i Barn, Familie og helse

Arbeidstakarane er representert ved Hovudtillitsvalde i Utdanningsforbundet

4.3 Involvering av dei berørte

Sjå pkt 3.2 prosess

5 BERØRTE PARTAR

5.1 Brukarar

- barn som veks opp i Giske kommune

- deira føresette

5.2 Tilsette

5.2.1 Tilsette i einingar i oppvekst

5.2.2 Tilsette i einingar omfatta av ny plan for ny organisering oppvekst

6 ARBEIDSMETODIKK

6.1 Prosjekttype

Intern prosjektorganisering for ei Ny organisering oppvekst, matriseprosjekt der prosjektdeltakarane arbeider både for kommunen/politiske representantar og for prosjektet. Prosjektet er eigd av kommunestyret i Giske kommune/ Livsløpsutvalet.

Prosjektleiinga er delegert via konstituert kommunalsjef for oppvekst til Åse Elisabeth Skjærseth, som står for den vekentlege leiinga av prosjektet og utfører sekretærfunksjonen

vil politisk vere Livsløpsutval og Formannskap, administrativ kontrollfunksjon kommunalsjef/kommunedirektør.

Prosjektet er eit planlagingsprosjekt knytt til samfunnsplanlegging. Kommunestyre fattar vedtak knytt til eventuelle endringar.

offentleg forvaltning

- A) Prosjektleiinga er administrativ.
- B) Brei involvering sikrar sikrar djupnesyn i planarbeidet.
- C) Transformasjonsleiing som ideell leiarstil for prosjekt? Dette vil vere forstått som å kunne leie arbeidet på ein måte som gjer at involverte på ulike nivå kan evne å løfte blikket, sjå ut over eigeninteressene sine, aktivere potensial for tilpassing, læring og utvikling. Målet vil vere å kunne ta eit større ansvar for heilskapen, saman.
- D) Aktuelle oppgåver: både prosjektleiar og medlemmane i arbeidsgruppa får mange innspel om kva ein bør sjå på og ta hensyn til i planarbeidet. Knappe tidsfristar er med på å avgrense prosjektutgreiinga til å handle om skule og barnehage og berre i liten grad dei ulike lokalmiljøa.
- E) Prosjektlear sitt forhold til prosjekteigar/prosjektgruppa/berørte partar er avklara.
- F) Leiar sitt forhold til prosjektet sine interresantar – legitimitetsavklaring – er ein del av transformasjonsprosessen.
- G) Faresignal; Det faktum at kommunen er pressa på personell/økonomiske ressursar er med på å gjere arbeidstilhøva utfordrande for prosjektleiar og også for medlemmane i arbeidsgruppa.

6.3 Metode

Kunnskapsbasert? Politiske hensyn? I kor stor grad skal/kan arbeid verte utført mellom samlingar i prosjektgruppa?

6.3.1 Innsamling av data knytt til elevdata, kvalitet, skyss, bygg

1.2.1 Arbeidsgruppemøte har hatt tydeleg agenda og førebudd innhald.

1.2.2 Brei medverknad gjennom Dialogkafè for leiargruppa, arbeidsgruppa, alle tilsette, BUKS. Saka har også vore handsama i KFU

1.2.3 Høyring – Delrapport om einingsstruktur vert sendt på høyring i organisasjonane/brukarutvala 17.02.2020

1.3 Arbeidsformer –sende ut dokument/innspel ei veke før arbeidsgruppemøta.

1.4 Kommunikasjonskanaler og rutiner; TEAMS.

7 HANDLINGSPLAN

7.1 milepelsplan med merkesteinar

Kva skal prosjektet ha oppnådd på gitte tidspunkt? Ønska tilstander.

Mai 2020 –Ny organisering oppvekst –framlegg for vedtak i kommunestyre (leiing og organisering ?)

April 2020 – Organisering/leiing i oppvekst, dialogkafè i leiargruppa, analyse i arbeidsgruppa

Mars 2020 arbeidsgruppemøte, gjennomgang av høyringinnspel, utkast til livsløpsutvalet, – gjennomarbeiding, eventuell nytt prosjektgruppemøte?(Kommunestyre 26.03.20 –delplan om barnehage og skulestruktur)

Februar 2020 – møte i prosjektgruppa, høyringsutkast seinast 20. februar, handsame innspel

Januar 2020 –6. januar analyse møte i arbeidsgruppa, (skrivesamling prosjektleiar/pedagogisk fagrettleiar/barnehagekonsulent/+? i veke 3, 13.-17. januar, nytt møte i arbeidsgruppa)

Desember 2019 –Dialogkafè alle tilsette 09.12.19, Analysesamling i arbeidsgruppa 11.12.19 samle inn oversikt status einingar/bygg/økonomi/personal/ dagens organisering,

November 2019 –Dialogkafè Buks, etablere prosjektgruppa, gjennomgang av prosjektplan, dialogkafè arbeidsgruppe

Oktober 2019 –etablering av prosjektgruppe –møteplan for prosjektgruppe klar

September 2019 -Workshop –ny organisering oppvekst, kva kan kjenneteikne ein god oppvekst i Giske kommune? Rektorgruppa/styrarar

August 2019 –oppstart utgreiingsarbeid

7.2 avgrensing

Det ligg ikkje i prosjektmandatet å **gjennomføre** Ny organisering for oppvekst, heller ikkje å **evaluere** prosjektet.

8 TEAM

8.1 arbeidsgruppe

Ruben Lie Monsen/Elin Moe –representant tilsette,

Monika Vartdal Giske og Erlend Giskeødegård Holm –Livsløpsutvalet,

Arnfinn Vartdal, Elias M Valderhaug, Cecilie Holen, Greta Giske, Oddfrid Reinlund,

Marthe Alnes Aarøe

8.2 prosjektleiar Åse Elisabeth Skjærseth

8.2 komité for livsløp/kommunestyre

9 BUDSJETT

Budsjett for prosjektet omfattar i første omgang frikjøp av prosjektleiar. Kostnadar kan kome i tillegg for

- a) Ekstern leing av dialogkafe`/workshop for tilsette
- b) Rettleiing prosjektleiar/kvalitetskontroll?
- c) Agenda Kaupang -økonomisk analyse

10 ANALYSE

Bruke analysemodell for dei ulike problemstillingane som er med i prosjektet

Analyse:

STERKE	SVAKE
MOGLEGHEIT	TRUSSEL

- 10.1 styrker
- 10.2 svakheiter
- 10.3 moglegheit
- 10.4 truslar
- 10.5 **Analyse for nøkkelpunkt i framlegg til ny organisering.**

Sikrar ny organisering av oppvekst	Ja	Nøytral	Nei
Barnet sitt beste			
Effektiv økonomistyring			
Relevant kompetanse			
Effektiv leing			
God samhandling internt i oppvekst			
God samhandling på tvers av sektorar			

GISKE KOMMUNE –respekt-engasjement -løysingsvilje-kvalitet

Økonomi: Tal på tilsette januar 2020 inn her/budsjett 2020

Utfordringar/gevinstar ved å organisere oppvekst på ein annan måte

Barnet – nærhetsprinsipp (§8.1 –geografi, kapasitet, topografi, trygg skuleveg)

Reisetid, reisemønster, skyss, kostnader heim/skule

- a) i dag og
- b) ved ny organisering

Obs: tidleg innsats, spesialpedagogiske tiltak, særskildt språkopplæring, vaksenopplæring

Dei tilsette –kompetanse og samspel, barnehagen/skulen som arbeidsplass

Skuleslag: Presentere fordelar og ulemper knytt til ulike skuleslag; oppvekstsenter, 1-7, 1-10, 8-10

Skulen sin rolle i **lokalsamfunnet, utvida lokalsamfunn?**

Miljøfaktorar – utfordringar, skyss/gang-og sykkelveggar

Bygningsmasse – investeringar.

Vigra skule, Valderøy Ungdomsskule, Godøy skule,

Sentrale spørsmål:

Legitimitet – viktige grep å gjere;

Er planlegginga av ny organisering oppvekst i tråd med vedtak, lov og regelverk?

Legitimert gjennom kommunestyrevedtak – ambivalens/uklarhet ? Er den ytre legitimiteten på plass? Økonomisk situasjon i kommunen gjer at framlegg om endring av skulestruktur

Institusjonell legitimitet-Er planlegginga verdimeisig akseptert? (normer?) Kvalitet og normativ legitimitet

Strategisk legitimitet -Har planlegginga effektiv og kognitiv legitimitet?

Taktisk legitimitet?

Har det effektivitet og kognitiv legitimitet? Er behovet for ei ny organisering av oppvekst fagleg og politisk erkjent ?

Er det nyttig? Pragmatisk/produktivt? Operativ?

Prosjekteigar si rolle i prosjektet –korleis er den?

Komité for livsløp? Er forventningane mellom eigar/leiar avklart og uttrykte?

(Faglege detaljar/problemstillingar) –støtte til prosjektleiar? Korleis skal kontakten mellom prosjekteigar og prosjektleiar vere? (Via representantar i arbeidsgruppa)

Korleis få til motivasjon og lagånd rundt og i prosjektet? Involvere, skape eigarskap...

Korleis utnytte handlingsrommet og unngå farene?

Kva er usikkert for oss – ulike utfall, knytta til informasjon, kunnskaper, kontroll. Beskrive og systematisere i grupper

Avklare konsekvensar rundt økonomi/bygg

Aktuelle lenker;

Om oppvekstsenter: skoleplassen.no/index.php?artID=329

Om kvalitetsforskjeller mellom små og store skoler:

https://www.rana.kommune.no/barn_familie_skole/skole_sfo/Documents/5%20Endring%20av%20skolestruktur%20og%20konsekvenser%20for%20elevenes%20læringsmiljø.pdf

Referat dialogkafe` 24.09.19, 07.11.19, 09.12.19